



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd Referat 27.11.25

Styre, råd og utval Helgheim sokneråd	Møtestad Vassenden Kyrkjesenter	Møtedato 27.11.25
Arkiv nr.	Etter fellesmøte kl 19.30	Møteslutt 21.00

Til stades på møtet:

Desse møtte: Hildegunn Huus (leiar), Bjørn Anders Steinsund, Norvald Nedrebø, Steinar Dvergsdal, Marit Vallestad, Kjellaug Bromseth.
Meldt forfall Aud Førde, Camilla Klakegg
Saker: 24/25 -29/25

Sakliste:

- Sak 24/25 Godkjenning av innkalling.**
Vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad.
- Sak 25/25 Godkjenning av referat av 09.10.2025**
Vedtak: Referat godkjent utan merknad.
- Sak 26/25 Offersøknader**
Soknerådet har denne gong ynksje om å styrke arbeidet vi har saman med dei unge.
Vedtak: Torsdagsklubben på Skei og Speidarane KFUM/KFUK får 2 offer kvar, Sjømannskyrkja og Sjukehuskyrkja utgår i 2026. Elles er lista som i 2025.

Offertildelingar for 2026

Misjonsprosjektet	2
Kirkens bymisjon	1
Skei Misjonshus	1
Jølster KFUK-KFUM-speidarar	2
Torsdagsklubben på Skei	2
TV-aksjonen	1
Alværa leirstad	1
Nesholmen leirstad	1
Det Norske Misjonsselskap	1
KFUK-KFUM Sogn og Fj.krins	1
Kirkens nødhjelp julaftan	1
Kirkens SOS i Bjørgvin	1
Blåkors	1
KFUK-KFUM - Global	1
Det Norske Bibelselskap	1
Kyrkjelydsarbeidet	resten



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd Referat 27.11.25

Soknerådet meiner det er viktig å få fram formålet med offeret i kunngjeringane, og i tillegg at presten og tar dette opp i forkant av offerrunden. Soknerådet tilrår meir bruk av tradisjonell altergang, då det viser seg at berre Vipps og offerskål ved utgangen ikkje gjev dei store summene.

Sak 27/25 Val av julefest komiteen 3.juledag.

Vedtak: Komiteen er oppsett frå tidlegare, Helgheim sokneråd stiller med 2 representantar, Steinar Dvergsdal og Erna Krøke (vara Bjørn Anders Steinsund) Stian Årdalsbakke kallar inn.

Sak 28/25 Val

Hildegunn Hus, leiar
Bjørn Anders Steinsund, nestleiar

Sak 29/25 Andre saker.

-Ny kyrkjevertliste vart lagt fram på møte.

-Stell av graver.

Det er ønske frå familiar som ikkje har høve å stelle graver å kjøpe denne tenesta. Vi ynskjer å opprette ei gruppe for stell av graver for å sjå korleis vi kan organisere dette. Vi tar sikte på å invitere og informere litt om denne tenesta i neste utgåve av hyrdingrøysta.

-Løyving for leir/tur til Alværa.

Vi ønskjer å støtte leir/tur til Alværa men i møte hadde vi ikkje tilstrekkeleg oversikt over økonomien til avgjere dette. Hildegunn avklarar med Kyrjekontoret for å finne midlar til dette.

I ettertid har vi fått avklart at vi kan bruke det som står att frå ein leir som vart avlyst 2024/2025 og at ein kan nytte overskotet for 2024.